



MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 25.5.2012
Sted: Nes, Næringsstunet

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Torhild Helling Bergaplass,	Ål kommune
Halvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Tom Erik Hauger, Anne Sandum og regionkontakt Terje Moen

Rådmannsutvalet deltok i sak 21 og 22.

SAK 15/12 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 10–11.4.2012

Vedtak

Møteprotokoll 10-11.4.2012 vart vedteke.

SAK 16/12 VIDARE ARBEID YRAFIKKTRYGGLEIK HALLINGDAL

Vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal ser at Trafikktryggleik Hallingdal er eit prosjekt som kan syne til svært gode resultat. Regionrådet meiner prosjektet har meir å tilføre i forhold til å utvikle trafikktryggleik i Hallingdal.
2. Regionrådet for Hallingdal ynskjer å få Trafikktryggleik Hallingdal inn som eit eige satsingsområde i Buskerud fylkeskommune sitt trafikktryggleiksarbeid, i regi av FTU. Regionrådet for Hallingdal ynskjer å ta eit delansvar i det vidare arbeidet og ber Buskerud fylkeskommune vurdere arbeidet med trafikktryggleik, som ein del av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune.
3. For 2012 løyver Regionrådet for Hallingdal kr. 50.000 til vidareføring av Trafikktryggleik Hallingdal.
4. Dagleg leiar får i oppgåve å avklare Buskerud fylkeskommune sitt engasjement i vidareføring av Trafikktryggleik Hallingdal.
5. Arbeidsgruppe for Trafikktryggleik Hallingdal blir sett ned, etter at avklaring med Buskerud fylkeskommune er gjort.

SAK 17/12 REPRESENTANT TIL STYRE FOR HALLINGDAL FOLKEHØGSKULE

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vil foreslå at Halvor Lilleslett blir oppnemnt til styret for Hallingdal Folkehøgskule, for resten av valperioden 2011 - 2015.

SAK 18/12 VAL AV REPRSENTANT TIL HALLINGSKOG**Vedtak**

Tor Egil Buøen vil representere Regionrådet for Hallingdal i styringsgruppa for HallingSkog, for valperioden 2011 - 2015.

SAK 19/12 SØKNAD OM TILSKOT, DEAF AID**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 30.000 til Deaf Aid, til utvikling av eigen kalender for Hallingdal for 2013.
2. Regionrådet ynskjer at prosjektleiar for Hallingdal 2020 blir involvert i utforming av kalenderen.

**SAK 20/12 SØKNAD OM TILRETTELEGGING AV FLEKSIBLE
LÆRINGSARENAER I LOKALMILJØ – UTVIKLING AV
BIBLIOTEKA SOM EIN GOD STAD Å STUDERE****Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal ser positivt på utvikling av biblioteka som studierom. Dei midlane Regionrådet har til disposisjon blir som utgangspunkt ikkje nytta fysiske investeringar. Regionrådet vil derfor rå til at nødvendige løvningar for å innreie og utstyre funksjonelle studierom blir løyst i den enkelte kommune.

**SAK 21/12 ORIENTERING, UTBYGGING AV NØDNETT NORDRE BUSKERUD
POLITIDISTRIKT**

Det vart gjeve ei orientering om utbygging av Nødnett Nordre Buskerud politidistrikt.

- Om Nødnett og utbygginga, Direktoratet for nødkommunikasjon v/ avdelingsdirektør Cecilie B. Løken
- Delprosjekt Brann, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap v/konst. avdelingsdirektør Hans Kristian Madsen
- Delprosjekt Helse, Helsedirektoratet v/seniorrådgjevar Willy Skogstad

Presentasjonane er lagt ved møteboka som vedlegg 1 -3.

**SAK 22/12 INTENSJONSAVTALE FOR LOKALMEDISINSKE TENESTER I
HALLINGDAL****Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at kommunane i Hallingdal godkjenner intensjonsavtale (vedlegg 4) mellom kommunane Hol, Ål, Gol, Nes, Flå og Hemsedal, og med den føresetnad at det skal etablerast eit tett samarbeid om tenestetilbodet med Vestre Viken HF.

SAK 23/12 EVENTUELTT**Møte med Knut Arild Hareide**

Regionrådet for Hallingdal vil i samband med besøk av Knut Arild Hareide, leiar Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget arrangere eit eige møte.

Tidspunkt: 5.juni, kl. 14:00 – 17:00

Tema:

- Gode samferdselsløysingar, som grunnlag for regional utvikling i Hallingdal. Utfordringar og mogelegeheter
- Utvikling av Bergensbanen, Ringeriksbanen
- Vegpakke Hallingdal
- Rv52, Gol – Robru
- KVU, Rv7-Hardangervidda

Dagleg leiar planlegg det praktiske i samband med møte.

Reiselivsmøte

Turistnæringa er ei av dei viktigaste næringane i Hallingdal, og er eit satsingsområde for alle kommunane i regionen og eit prioritert område i fylkesplanen for Buskerud. Store delar av distriktsreiselivet opplever nedgang i besøk og slit økonomisk. Regionrådet for Hallingdal ser alvorleg på dette og vil invitere til eit eige møte for å drøfte kva som er status for distriktsreiselivet, kva som blir vurdert som dei største utfordringane i Hallingdal, drøfste tiltak og korleis det i fellesskpa bør arbeidast vidare

Aktuelle tidspunkt, 18 eller 20.juni, kl. 18:00 – 22:00.

Dagleg leiar utarbeidar forslag til program og sørger for det praktiske i samband med møte.

Ål 4.6.2012

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Nødnett, Direktoratet for nødkommunikasjon

Vedlegg 2: Nødnett, - brann- og redning og kommunal beredskap, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Vedlegg 3: Nødnett i Helse, Helsedirektoratet

Vedlegg 4: Forslag; Intensjonsavtale for Lokalmedisinske Tjenester i Hallingdal mellom kommunane i Hallingdal